

# Registrering av EØS/EU arbeidstakarar og søknad om skattekort.

Det har i vinter vore medlt i nyheitene att skatteetaten nullstiller sitt register over D-nr., og att alle arbeidatarar må sende søknad om skattekort og D-nr. På nytt i år.

I realiteten er ikkje registeret sletta, men for å unngå missbruk, og det faktum at ein del arbeidstakarar er registrert med fleire D-nr. Er det bestemt att alle må søke på nytt, og møte opp personleg på skattekontoret.

I praksis betyr dette:

1. Arbeidstakaren må møte personleg på skattekontoret eller tenestetorget i den kommunen arbeidstakaren skal arbeide (for Vik kommune vil det seie på tenestetorget på kommunen, som før).
2. Søknad om skattekort skal være utfyllt, påført gammalt D-nr., og leverast skattekontoret saman med:
  1. Kopi av arbeidsavtale
  2. Pass (kopi vært teke på skattekontoret).
3. Dersom det ikkje er noko feil med gammalt D-nr, vil dette bli brukt på nytt.

Utover dette treng ein ikkje å registrere seg hjå politiet dersom arbeidsforholdet varar mindre enn 3 månader.

Varar arbeidsforholdet lenger enn 3 månader må arbeidstakaren søke om opphaldstillatelse innan 3 månad etter at personen kom til Norge.

Den enkelte må då førehandsregistrere seg på <https://selfservice.udi.no/> før ein møter hjå politiet. Politiet fyller så ut eit registreringsbevis, som gir rett til opphold på ubestemt tid, og skal ikkje fornyast.

Ved frammøte hjå politiet må arbeidstakaren medbringe Pass og ein arbeidsavtale som er i tråd med arbeidsmiljøloven sine bestemmelsar.

Ved opphold utanfor Norge i meir enn 6 månader må arbeidstakaren ved eventuelt nytt opphold i Norge måtte søkje på nytt.

Dersom politiet besluttar å ikkje utstede registreringsbevis, kan ein ikkje klage på vedtaket. Ein kan derimot søkje på nytt dersom ein meiner att vilkåra for opphold er til stades, og ein kan fremvise naudsynt dokumentasjon.